

FJELLHEIMEN villreinområde

Oppsynsrapport 2012



Foto: Kristoffer Ullem Hansen, SNO

Føreord.

Statens naturoppsyn har for jakta 2012 vore førespurd frå villreinutvalet i Fjellheimen om å koordinera og leia oppsynstenesta under villreinjakta i Fjellheimen villreinområde. Det har delteke 4 personar frå lokalt oppsyn, engasjert av villreinutvalet. SNO har delteke med 3 personar fordelt gjennom heile jaktperioden. Villreinutvalet har opna for jakt frå 20.august til 1.oktober.

Aurland 22.11. 2012

Kristoffer Ullern Hansen
Statens naturoppsyn - Aurland
- sign -

leiar for jaktoppsynet i Fjellheimen villreinområde.

Informasjon.

Villreinutvalet har infotelefon (90262123) for orientering til jegerane om observasjonar av reinsflokkane under jakta.

Denne telefonen bør også brukast aktivt av jegerane til å gje tilbakemeldingar frå jakta, til utvalet.

Det er sendt ut eige infoskriv frå oppsynsleiar til oppsynsmannskapet før jaktstart.

15.8.12 vart det helde oppsynssamling for Nordfjella, Lærdal/Årdal og Fjellheimen villreinområde i Aurland.

Informasjonsfoldaren ”Villreinjakt – Ditt ansvar som jeger”, vart ikkje trykka opp i Fjellheimen-utgåve i år, dette må rettast opp til 2013.

Om villreinområdet

Villreinområdet er delt i tre vald:

Stølsheimen på	1024,7 km ²
Vik-Austfjell på	394,8 km ²
<u>Fresvikhalvøya på</u>	<u>148,2 km²</u>
Totalt	1567,7km ² .

Det lokale oppsynet som har vore engasjert gjennom villreinutvalet har i 2012 gått oppsyn i heile villreinområdet.

Fellingsresultat 2012

	Austfjelli/Vik	Stølsheimen	Fresvik halvøya	SUM
Bukk, vaksen*	7	8	1	16
Bukk 1 ½ år	4	2	0	6
Bukkekalv	5	6	0	11
Simle, vaksen	14	13	0	27
Simle 1 ½ år	0	7	0	7
Simlekalv	8	9	1	18
SUM FELTE DYR	38	45	2	85
Fellingskvote	45	118	17	180
Felt % av kvote	84	38	12	47

Villreinkvote 2012: 118 rein. Fordeling: 40% kalv, 40% simle / ungdyr, 20% frie løyve..

Fordeling hanndyr/hodyr:

Det vart til saman i villreinområdet felt 33 hanndyr og 52 hodyr.

Samjakt:

- 27 dyr av kvota til valdet Stølsheimen er felt i valdet Austfjelli/Vik, 15 av desse er felt på overgangskort (av 15 moglege) og 12 av gjestejegerar (av 15 moglege). 1 kort mogleg for samjakt er felt på Stølsheimenvaldet.
- Samjaksavtala mellom Stølsheimen og Fresvikhalvøya har ikkje ført til felling i år.

Oppsynsmannskap.

Namn	
Arne Nesheim	Lokalt oppsyn
Geir Ove Bøthun	Lokalt oppsyn
Jon Arvid Himle	Lokalt oppsyn
Einar Magne Jordalen	Lokalt oppsyn
Rein-Arne Golf	SNO
Terje Haugland	SNO
Kristoffer Ullern Hansen	SNO

Oppsynstenesta har vore løyst med lokalt mannskap engasjert av villreinutvalet, og tilsette hjå Statens naturoppsyn.

Utført oppsyn.

Lokalt oppsyn har utført totalt 164 timar i felt,

SNO tilsette har vore 48 timar i felt.

Til saman vert dette 212 timar.

Dette er 19 timar meir enn i 2011.

Tal timar i felt		
Lokalt oppsyn	164	(126)
Statens naturoppsyn	48	(67)
Sum	212	(193)

Oppsynstimar i felt under villreinjakt 2012 i Fjellheimen. 2011 i parentes.

Statistikk.

Tal kontrollerte jegerar	51 (32)
Tal informerte jegerar	74 (47)
Tal fall sett men ikkje kontrollert	6 (0)
Tal meldte	1 (0)
Tal åtvaringer/OPS	0 (2)
Tal skadde dyr sett av oppsyn	0 (1)
Tal skadde dyr sett av jegerar	3 (0)
Tal skadde dyr avliva av oppsyn	0 (2)
Tal skadde dyr avliva av jegerar	0 (0)
Tal dyr funne daude	2 (0)
Tal uregelmessigheiter med våpen	0 (0)
Tal tilfelle av uforsvarleg skyting	0 (0)

Oppsummering av kontrollar og reaksjonar (tal 2011 i parentes)

Voss og Vik kommune har oppnemnt kvar sin kontaktperson for fallvilt.

Voss Kommune: Ingmar Slettmark. Tlf: 957 70 271.

Vik Kommune: Veronika Seim Bech Tlf: 57698258

Om jakta

Jakta var (også!) i år prega av mykje dårleg ver og ditto sikt.

Over om lag 1100 m.o.h la snøen seg alt først i september , og den vart liggande. Dette medførte at det vart tyngre å ta seg fram for jegerane, noko som truleg har medvirka til at fellinga også i kjerneområda vart mindre enn vanleg.

Reinen heldt seg stort sett i kjerneområda av Vik-Austfjell valdet, med andre ord i områda frå Fossfjellet/Grungen/Dueskard/Ytredal og sørover på endefjella mot Jordalen/Brekkedalen/Kvannaldalen og Reppane. Særleg har reinen mykje tilhald i Ytredalsområdet.

Dyra var og ein tur opp på austsida av Muravatnet, men returnerte sørover att etter om lag ei veke.

Det vart jakta ein del på Stølsheimenvaldet først i jakta, Fresvikhalvøya har mest ikkje hatt dyr på sitt område.

Stort sett har dyra gått i 2-3 flokkar, på nokre tidspunkt har mest alle dyra vore samla i ein stor flokk på opp under 500 dyr.

Statistikken syner ingen store endringar frå i fjor, ei lita oppgang i tal oppsynstimar i felt men forsett lågt i høve til tidlegare år. Ver og føre lyt ta mykje av skulda for det.

Tal informerte og kontrollerte jegerar har auka noko i høve til 2011, det lyt me vere nøgde med.

Som følgje av at Vik-Austfjell står utanfor Villreinutvalet og difor ikkje distribuerar jegerinformasjonen frå Villreinutvalet i sitt område, vert infotelefonen lite nytta av jegerar som jaktar på Vik-Austfjell. Dette medfører også at oppsynet i liten grad får informasjon frå jegerar om kvar reinen held seg.

I høve til prioritering av kva områder oppsynet skal halde seg vert det slik at oppsynsleiar primært sender oppsynet dit han veit at det står rein, noko som medfører at det vert mindre oppsyn i dei områda me ikkje får meldingar frå.

Samjaktavtala mellom Stølsheimen og Vik-Austfjell har hatt positiv effekt på avskytinga, og har og ført til noko mindre oppsamling av jegerar på valdgrensa mellom Stølsheimen og Vik-Austfjell, noko som er bra.

Oppsynet meldte eit tilfelle av ulovleg jakt til politiet, og det vart meldt om tre skadde dyr frå jegerar og funne to daude dyr med skotskade i terrenget under jakta.

Med utgangspunkt i ei total felling på 85 dyr gjev dette ei skadeskytingsprosent på 5.9, noko som sjølvsagt kunne vore betre.

Det var 5 løyve i Vola i 2012, 3 dyr vart felt. I Kringsdalsområdet vart det felt 2 bukkar. Oppsynsleiar fekk melding om mogeleg uloveleg jakt i Kringsdalsområdet:

3.10.12 fann ein sauesankar ein fot av ein reinskalv i Risbotn over Bjørgastølen. Foten var skåre av med kniv.

Tidlegare på hausten vart det observert ein reinsflokk i området på om lag 30 dyr, i denne gjekk det 6 kalvar. Ei veke før kalvefoten vart funne vart 30 dyrs flokken observert att, då med berre 5 kalvar. Det er difor mogeleg at det har blitt felt ein kalv ulovleg i dette

området, utan at dette kan provast. Oppsynsleiar lyt ta dette tilhøvet med i vurderinga av kvar jaktoppsynet skal jobbe, men i all hovudsak vert det opp til dei som har beitedyr og elles ferdast i området å følge med på/melde frå om ev. mistenkeleg aktivitet.

SNO har med verknad frå jakta 2012 inngått avtale med Vik og Voss kommune om å etablere ei ordning med kontrakt på direkteomsetning av reinskjøt i fjellet.

Om oppsynet avlivar skada vilt, eller jegerar avlivar skada vilt dei ikkje har skadd sjølve og ikkje har kort på eller ynskjer å skjere kort på, er kjøtet viltfondets eigedom.

Med bruk av kjøtkontrakt kan oppsynet omsette dette kjøtet til inntekt for viltfondet, slik at fallviltansvarleg i kommunen slepp å reise til fjells for å hente slaktet.

Oppsyn og jeger vert då samde om ei slaktevekt med fråtrekk for øydelagt kjøt, og avtalen vert underskrive av begge partar. Oppsynet sender inngått kontrakt til fallviltansvarleg i kommunen, som så fakturerar kjøper for kjøtverdien. For tida er kiloprisen sett til kr. 50,-. Avtala gjeld til ho vert oppsagt.

Prioriteringane til oppsynet

Under jakta har oppsynet prioritert å vera tilstades og synleg i områder med forventta høg jegeraktivitet, med vekt på helgene.

Oppsynet har fått føringar i høve til å ha hovudfokus på ev. inhuman jakt.

Arbeidet med å førebyggje og avdekke inhuman jakt bør og verte prioritert framover, for å sikra at jakta føregår mest mogleg humant.

Frå oppsynet si side er det eit ynskje om godt samarbeid mellom valda, slik at ein unngår konkurranse mellom jegerane i grenseområda.

Det ser ut som om jegerane i området har gode rutinar med å ha med seg naudsynte papir og dokumentasjon etter lover og forskrifter.

Nattfreding.

Villreinutvalet har vedteke nattefreding mellom kl. 1900 og 0700. Det er ikkje registrert brot på fredinga.

Utfordringar.

Ei generell utfordring for villreinstamma i Fjellheimen er å få god dokumentasjon over arealbruken til stamma gjennom året, som grunnlag for god arealforvaltning. Det er ynskjeleg med god oversikt over tilgangen på og bruken av gode vinterbeite.

Med ei vinterstamme på om lag 600 dyr delt inn i tre delområde,

Vikafjellsflokken, Volaflokken og Kringsdalsflokken, er det viktig at reinen kan bruka dei ulike områda som er tilgjengelege til ei kvar tid.

Hovudflokken held seg mykje i valdet Vik-Austfjell og austlege delar av Stølsheimenvaldet..

Det bør vera gode trekkvegar mellom austlege og vestlege deler av Fjellheimen villreinområde.